

Møteprotokoll

Utval	Formannskapet
Møtestad	Rådhuset
Dato	02.09.2026
Tidspunkt	kl 11:00 – 16:05 (etter opplæringsøkt kl. 09.00 – 10.30)

Frammøtte	Parti
Gunn Beate Thorsnes Lefdal	AP
Oddstein Haugen	AP
Geir Arve Sandvik	H
Jonatan Hurthi	Krf
Andreas Wollnick Wiese	SP
Marianne Bugge	SP
Kjetil Melheim	V

Andre som møtte:

Under opplæringsøkt med Malin Påve Solberg frå Nord Forvaltning, kl. 09.00 10.30 om finans- og gjeldsforvaltning møtte også gruppeleiar Liv Endresen Sv og Ernst Veum Frp. Fleire frå administrasjonen var tilstades.

Kommunedirektør Jon Bolstad, assisterande kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen og økonomisjef Odd Harald Dommersnes. Dei deltok i heile møtet, med unntak av sak 132 der dei var ugilde.

Planavdelinga v/Amanda Rødstrøm, Ida Brustad og Knut Vidar Svanheld i sak 119 KPA.

Presentasjonen frå opplæringa om finansforvaltning ligg som vedlegg i sak 128.

Ordføraren byrja med å seie nokre ord om H.M. Kong Harald sin bortgang og dagens møte. I samband med H.M. Kong Harald sin bortgang blei det etter ei samla vurdering bestemt at formannskapet kunne avviklast etter planen, men at det ikkje skulle vere fokus på direkteoverføring frå politiske møte under den offisielle sørgetida. Møtet vart difor ikkje strøyma. Formannskapet hadde ikkje merknad.

Ordførar, formannskapet og gruppeleiarar opna minnemarkering med blomsternedlegging i rådhusparken.

Møte vart sett kl. 11.00.

Underskrifter:

Gunn Beate Thorsnes Lefdal

Geir Arve Sandvik

Andreas Wollnick Wiese
ordfører

Jon Bolstad
kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel
116/26	Konstituering av møte
117/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
118/26	Orienteringssak: Status nytt helse- og omsorgssenter
119/26	Kommuneplanens arealdel 2024-2036
120/26	Søknad om kjøp av næringsareal Gaupne sentrum
121/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Næringsbygg - Hillestad Invest AS
122/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Renovering - Eikum Hotell Drift AS
123/26	Søknad om skjenkeløyve - Villa Fjellheim AS
124/26	Halvårsrapport - budsjettregulering 2026
125/26	Eigarskap Sogn Næring
126/26	Samarbeidsavtale om NAV Sogn
127/26	Kommunesamarbeid
128/26	Administrative orienteringar
129/26	Politiske drøftingar og open post
130/26	Referatsaker
131/26	Delegerte saker
132/26	Tiltak på gbnr. 25/23 - Osen i Mørkridsdalen - naust - dispensasjon frå landbruksføremålet (LNFR-føremålet) i arealdelen av kommuneplanen

116/26 Konstituering av møte

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

- Opprop, alle faste medlemmer møtte.
- Godkjenning av innkalling, ingen merknad.
- Godkjenning av sakliste, ingen merknad.
- Godkjenning av dagsorden, avtalt at sak 119 kommuneplanen sin arealdel vart handsama etter lunsj.
- Gunn Beate Thorsnes Lefdal og Geir Arve Sandvik vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. Dei vart samrøystes valde.

FSK - 116/26 vedtak

Gunn Beate Thorsnes Lefdal og Geir Arve Sandvik vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

117/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

FSK - 117/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 10.06.26 vert referert utan merknader.

118/26 Orienteringssak: Status nytt helse- og omsorgssenter

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Prosjektleiar Ole Martin Brænnseter orienterte i møtet.

Presentasjonen er lagt som vedlegg i saka.

FSK - 118/26 vedtak

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

119/26 Kommuneplanens arealdel 2024-2036

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet støttar endringane som er skisserte i saka, og ber administrasjonen gje desse tilbakemeldingane til Statsforvaltaren før vidare prosess.

Dette omfattar ulike justeringar, der formannskapet særleg vil trekkje fram følgjande:

1. Redusert areal for Nyland
2. Redusert areal på Gården jf. raud strek
3. Turvegen mellom Botn og Tang vert teken ut
4. B2 2019 Haugen vert redusert
5. Småbåthamn i Solvorn vert teken ut

Handsaming

Plansjefen gjekk gjennom dei ulike dialogpunkta frå saksutgreiinga. Møteprotokollen tydeleggjer dei punkta der det var endringar.

- Formannskapet slutta seg til at hytteområde Ytre Eikjo går ut av KPA sidan det ikkje er kjende planar for utbygging. Området vil verte vurdert i seinare revisjonar om det vert aktuelt.
- Plansjef og ordførar var ugild i handsaming av område H16 Osen som grunneigarar, varaordførar leia møte. Formannskapet slutta seg til at det vert lagt til rette for ei mindre fortetting i eksisterande hytteområde.
- Det var avrøysting på om B4 Botn (Gården) skulle reduserast eller vidareførast i den storleik det har vore på høyring. 1 H, 2 AP og 1 V stemte for å vidareføre det i opphavleg storleik. 2 SP og 1 KRF stemte for kommunedirektøren si tilråding om reduksjon.
- Det var avrøysting på kommunedirektøren sitt framlegg om å ta ut SH6 Solvorn småbåthamn. 1 H, 2 AP, 1 V og 1 KRF stemte for vidareføring og 2 SP stemte for å ta det ut av KPA.
- Formannskapet slutta seg til at FT10 og Naust 4 på Hafslo vert vidareført, men presiserte at det må finnast gode løysingar for i minimere trafikkutfordringar og at i ev. meking med Statsforvaltaren så er bustadområde prioritert framfor naust og utleigehytter.
- Formannskapet konkluderte på å vidareføre B2 Haugen i full storleik, men dersom det kjem til prioriteringar i meking så er B17 Hotla prioritert over full storleik på B2 Haugen.
- Formannskapet kommenterte at det er problematisk at Statsforvaltaren brukar marint vern av Sognefjorden som argument mot tiltak, all den tid denne verneplanen er på høyring.
- Formannskapet kommenterte også at det er nytt at skog/karbonrike areal vert løfta opp som areal som bør unngåast, og at summen av alle areal som skal takast omsyn til i arealplanlegging gjer det svært krevjande å planlegge samfunnsutvikling i ein kommune som Luster.

FSK - 119/26 vedtak

1. Formannskapet gjorde følgjande endringar og presiseringar i høve saksutgreiinga:
 - Hytteområde Ytre Eikjo kan takast ut
 - H16 Osen skal framleis ligge inne i KPA
 - Bustadføremålet knytt til B4 Botn (Gården) skal ikkje reduserast i KPA
 - SH6 Solvorn småbåthamn skal framleis ligge inne i KPA
 - Bustadføremålet knytt til B2 Haugen skal ikkje reduserast i KPA
2. På øvrige diskusjonspunkt slutta formannskapet seg til kommunedirektøren sine vurderingar i saksutgreiinga.
3. Formannskapet ber administrasjonen gje tilbakemelding til Statsforvaltaren i tråd med saksutgreiinga og avklaringar i møtet før vidare prosess.

120/26 Søknad om kjøp av næringsareal Gaupne sentrum

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 120/26 vedtak

1. Pyramiden Senter AS får kjøpe om lag 1 805 m² kommunalt areal som grensar til Pyramiden Senter, avgrensa til areal regulert til sentrumsføremål SF1a i detaljreguleringsplan for Gaupne sentrum, planID 2023002.
2. Den delen av søknaden som omfattar om lag 358 m² regulert til torg TO4 vert ikkje imøtekomen. Arealet skal framleis vere eigd av Luster kommune.
3. Arealet vert selt på slike vilkår:
 - a. Kjøpesummen vert fastsett til kr 1 000 pr. m².
 - b. Endeleg areal og kjøpesum vert fastsett etter oppmåling.
 - c. Kjøpar betaler alle kostnader knytt til frådeling, oppmåling, tinglysing og gjennomføring av eigedomsoverdraginga.
 - d. Arealet vert overført slik det er på overtakingstidspunktet. Kjøpar tek over all risiko for grunnforhold og eksisterande teknisk infrastruktur i arealet. Dersom gjennomføring av kjøpar sitt tiltak gjer det naudsynt å flytte, leggje om eller på annan måte gjere tiltak på vass- og avløpsleidningar, elektriske anlegg eller annan teknisk infrastruktur, er dette kjøpar sitt ansvar og skal gjennomførast for kjøpar si rekning.
 - e. Arealet skal nyttast i samsvar med gjeldande reguleringsplan, og kommunen har rett til å medverke i å sikre at utbygginga passar inn i ei samla sentrumsutvikling i Gaupne. .
 - f. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre salet og godkjenne mindre justeringar av eigedomsgrensa som måtte vere naudsynte ved oppmåling. Areal regulert til torg TO4 skal ikkje inngå i salet.
 - g. Dersom bygging på det kjøpte arealet ikkje er sett i gang innan tre år frå overtakinga, har Luster kommune rett til å kjøpe arealet attende til same nominelle pris pr. m² som ved salet. Kjøpar dekkjer kostnadene ved tilbakeføringa.

121/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Næringsbygg - Hillestad Invest AS

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 121/26 vedtak

Kommunestyret gjev Hillestad Invest AS eit næringslån i næringsfondet stort kr 1 500 000,- til bygging av næringsbygg på Galdetoppen. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån

122/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Renovering - Eikum Hotell Drift AS

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 122/26 vedtak

Formannskapet gjev Eikum Hotell Drift AS eit næringslån i næringsfondet stort kr 560 000,- til renovering av 10 hotellrom. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.

123/26 Søknad om skjenkeløyve - Villa Fjellheim AS

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 123/26 vedtak

Villa Fjellheim AS med organisasjonsnummer 938 026 696, adresse Jostedal, får innvilga skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke i gruppene 1 og 2.

Skjenkestyrar er Janniche Øyen og reservestyrar er Ole-Harry Øyen.

Skjenkeløyvet gjeld innandørs i salong og spisesal/stove i 1. etg. og hagestove i 2. etg.
Utandørs i privat hage som er inngjerda.

Skjenketid innandørs: frå kl 09.00 til kl 01.30
Utandørs: til kl 23.00

Skjenkeløyvet gjeld til 30. september 2028.

124/26 Halvårsrapport - budsjettregulering 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret tek halvårsrapporten 2026 til orientering.

2. Det vert tatt opp lån i husbanken på 15 millionar til å finansiere auka ramma for startlån i 2026, samla ramme vert for 2026 på 35 millionar kroner

3. Kommunestyret godkjenner følgjande regulering av årsbudsjettet for 2026

Det vert gjort endring i driftsrammene for 2026 jf halvårsrapporten kapittel "Innstilling til vedtak"

Helse, omsorg og sosial netto 1,5 millionar til auka ramme for sosiale stønader

Samfunn og næring det vert løyvd 3 millionar til å auka ramma for forskottering av tippemidlar

Eigedom, det vert løyvd 5,5 millionar til rente sjølvkost VAR

Finans og investering. Det vert løyvd 22,3 millionar til auka avsetning diposisjonsfond, 14,2 til auka avdrag på lån.

Samla auke i driftramma blir på kroner 46,5 millionar

Auka driftsramme vert finansiert med auka inntekter konsesjonskraft 41 millionar kroner og auka inntekter renter sjølvkost VAR 5,5 millionar kroner

Investeringsramma vert auka med netto 8,8 mill, jf halvårsrapporten kapittel "Innstilling til vedtak".

Auka investeringsramme vert finansiert, jf halvårsrapporten kapittel "Innstilling til vedtak": Mva kompensasjon 1,77 mill i Bruk av lån 7,08 millionar

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Økonomisjefen orienterte i møtet, sjå vedlagde presentasjon.

Kommunedirektøren korrigerer framlegg til vedtak knytt til auka ramme samfunn og næring, rett tekst:

Samfunn og næring det vert løyvd 3 millionar kr til å auka ramma for tilskot til prosjekt forankra i kommunal plan for fysisk aktivitet- idrett og friluftsliv.

Kommunedirektøren si tilråding, med korrigerer presisert i møtet vart samrøystes vedteke.

FSK - 124/26 vedtak

1. Kommunestyret tek halvårsrapporten 2026 til orientering.
2. Det vert tatt opp lån i husbanken på 15 millionar til å finansiere auka ramma for startlån i 2026, samla ramme vert for 2026 på 35 millionar kroner.
3. Kommunestyret godkjenner følgjande regulering av årsbudsjettet for 2026 :

Det vert gjort endring i driftsrammene for 2026 jf halvårsrapporten kapittel "Innstilling til vedtak".

Helse, omsorg og sosial netto 1,5 millionar til auka ramme for sosiale stønader.

Samfunn og næring: det vert løyvd 3 millionar kr til å auka ramma for tilskot til prosjekt forankra i kommunal plan for fysisk aktivitet- idrett og friluftsliv.

Eigedom: det vert løyvd 5,5 millionar til rente sjølvkost VAR

Finans og investering. Det vert løyvd 22,3 millionar til auka avsetning diposisjonsfond, 14,2 til auka avdrag på lån.

Samla auke i driftramma blir på kroner 46,5 millionar.

Auka driftsramme vert finansiert med auka inntekter konsesjonskraft 41 millionar kroner og auka inntekter renter sjølvkost VAR 5,5 millionar kroner

Investeringsramma vert auka med netto 8,8 mill, jf halvårsrapporten kapittel "Innstilling til vedtak".

Auka investeringsramme vert finansiert, jf halvårsrapporten kapittel "Innstilling til vedtak": Mva kompensasjon 1,77 mill i Bruk av lån 7,08 millionar.

125/26 Eigarskap Sogn Næring

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 125/26 vedtak

Luster kommune kjøper 50 aksjar i Sogn Næring til pålydande pris frå selskapet. Kjøpet skal bidra til at Luster kommune blir ein del av eit sterkare utviklingsmiljø i regionen, og for å bidra til eit sterkare fellesskap for å utvikle Sogn.

126/26 Samarbeidsavtale om NAV Sogn

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 126/26 vedtak

1. Luster kommune vedtek samarbeidsavtale om Nav, jf. kommunelova § 20-4 andre ledd.
2. Kommunestyret i Luster kommune delegerer til Årdal kommune å treffe vedtak i saker som gjeld dei kommunale oppgåvene som vert lagde til Nav Sogn, jf. kommunelova §§ 20-1 og 20
3. Delegeringa omfattar ansvaret som er nærare spesifisert i punkt 2 i samarbeidsavtalen.

127/26 Kommunesamarbeid

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Kommunedirektøren orienterte tenestesamarbeid i regionen. Sjå vedlagde presentasjon.

FSK - 127/26 vedtak

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

128/26 Administrative orienteringar

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Presentasjon frå politkaropplæringa om finansreglement ligg som vedlegg i denne saka. Opplæringa vart halde i starten av møtet, der heile økonomiutvalet deltok.

Økonomisjefen orienterte om økonomiplanprosessen, sjå vedlagde presentasjon.

Kommunedirektør orienterte om at Synne Nes Veum er tilsett som rådgjevar i politisk sekretariat. Rekruttering innanfor kultur er ikkje avslutta.

Kommunedirektøren orienterte om auka krav til kommunen sitt arbeid med beredskap gjer til at det må vurderast auka ressursinnsats på dette feltet. Truleg vil det bli rekruttering der auka stilling på beredskapsarbeid vil inngå.

Med heimel i kommunelova § 11-5, jf. forvaltningslova §13 1. ledd nr. 2, forretningsmessige tilhøve, vart møtet lukka under eit orienteringspunkt:

Kommunedirektøren fekk mynde til å halde fram dialog om avhending av kommunal eigedom.

FSK - 128/26 vedtak

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

129/26 Politiske drøftingar og open post

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Ordførar orienterte om frå Arendalsveka, nyttig og godt organisert av Sogn Næring. Han deltok i ein debatt om cruise og kom i kontakt med cruisereiarlag som også ville diskutere med kommunen korleis dei kan bidra til toleevne og verdiskaping. Det var av denne kontakten ein fekk avtale om vitjing på cruiseskip 9.9. Cruisebesøk vert truleg vanskeleg å gjennomføre i denne omgang, grunna at det var planlagt på same dag som kongen si gravferd.

Dugnad for TV-aksjonen vert truleg etter kommunestyremøte 24.09.

Open post:

- Jonatan Hurthi: reguleringsplan Indre Hafslo oppvekstsenter?
Kommunedirektøren stadfesta at no vert dette arbeidet prioritert av planavdelinga, når mange større reguleringsplanar no er slutført.
- Oddstein Haugen: brygge i Solvorn?
Kommunedirektøren sa at PFU har avslått statsforvaltaren si klage på byggjeløyve, klaga er sendt til handsaming hjå settestatsforvaltaren.
- Marianne Bugge: framtidig bruk av Solvorn oppvekstsenter?
Kommunedirektøren stadfesta at dialogen er i gang, og at samfunnshusfunksjonen er stadfesta at vil halde fram.

FSK - 129/26 vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

130/26 Referatsaker

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til framlagde referatsaker.

FSK - 130/26 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.

131/26 Delegerte saker

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til dei delegerte sakene.

FSK - 131/26 vedtak

Delegerte saker vert tekne til orientering.

132/26 Tiltak på gbnr. 25/23 - Osen i Mørkridsdalen - naust - dispensasjon frå landbruksføremålet (LNFR-føremålet) i arealdelen av kommuneplanen

Ordførar si tilråding:

Søknaden er godkjend. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 21-4. Kommunen gir dispensasjon frå landbruksføremålet (LNFR-føremålet), jf. pbl § 19-2.

Kommunen sett følgjande vilkår til vedtaket:

Vilkår:

1. Naustet skal førast opp på same plassering og tilnærma same kotehøgde som eksisterande naust.
2. Naustet skal dimensjonerast og utførast slik at det toler belastningar frå flaum og skredfare på staden, jf. TEK 17 §§ 7-2 og 7-3 og NVE si fråsegn.
3. Eventuelle naudsynte tryggingstiltak skal vere etablerte før bygget blir teke i bruk.

Formannskapet 02.09.2026

Handsaming

Kommunedirektøren og administrasjonen elles gjekk frå møtet før handsaming av saka, då kommunedirektør Jon Bolstad er ugild, som part i saka, jf. forvaltningslova § 6.

Ordførar si tilråding vart samrøystes vedteke, men følgjande tillegg:

Formannskapet konkluderer på at politisk handsaming på grunn av ugildskap skal ikkje utløyse høgare gebyr.

FSK - 132/26 vedtak

Søknaden er godkjend. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 21-4. Kommunen gir dispensasjon frå landbruksføremålet (LNFR-føremålet), jf. pbl § 19-2.

Kommunen sett følgjande vilkår til vedtaket:

Vilkår:

1. Naustet skal førast opp på same plassering og tilnærma same kotehøgde som eksisterande naust.
2. Naustet skal dimensjonerast og utførast slik at det toler belastningar frå flaum og skredfare på staden, jf. TEK 17 §§ 7-2 og 7-3 og NVE si fråsegn.
3. Eventuelle naudsynte tryggingstiltak skal vere etablerte før bygget blir teke i bruk.

Formannskapet konkluderer på at politisk handsaming på grunn av ugildskap skal ikkje utløyse høgare gebyr.